



Fiskeridirektoratet
Postboks 185, Sentrum

5804 BERGEN

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
16/11235

Dato
17.10.2016

Freding av lokal sildestamme i Gløppefjorden - uttale frå Gloppen kommune

Gloppen kommune viser til Havforskningsinstituttet sitt brev av 10. juni i år til Fiskeridirektoratet Region Vest v/kontrollseksjonen der det vert slått fast at sildepopulasjonen i Gløppefjorden og Lustrafjorden er lokale og at store deler av populasjonen kan takast ut raskt ved kommersielt fiskeri.

Det er Havforskningsinstituttet sitt klare råd at disse populasjonane skal vernast for alt kommersielt fiskeri.

Dei lokale fiskarane og brukarane er svært opptekne av å ta vare på økosystemet og ressursane i Gløppefjorden. Gjennom mange års bruk av fjorden opplever dei at fiskeriet i og rundt Gløppefjorden varierer i takt med den kommersielle beskatninga av silda.

Sommaren 2014 var det stor aktivitet av ringnotbåtar på Gløppefjorden. At fjorårets fiskesesong (2015) kan karakterisert som den svakaste i manns minne, er difor ikkje uventa. Den lokale sildestammen sin viktige og kritiske del av økosystemet er grundig erfart av dei lokale fiskarane. Reaksjonane er difor sterke etter at det også seinsommaren 2016 vart gjort ein større fangst av sild i Gløppefjorden. Som eit resultat av dette vart det 29. september i år stifta ei interessegruppe for vern av sildestammen i Gløppefjorden.

Gloppen kommune er oppteken av bærekraftig bruk av alle ressursane i kommunen. Fjorden med sitt unike økosystem og mangfald gjev gode høve for å nytte denne til matauk, mosjon og rekreasjon. Som ein distriktskommune med mål om vekst i folketalet er vi opptekne av å skape auka bulyst i Gloppen.

Ein av føresetnadane for å oppnå dette er at dei som har ansvaret for ressursforvaltninga ser heilskapen og bidreg til at vi kan ta vare på små, sårbare og unike populasjonar.

Etter initiativet frå dei lokale fiskarane til danninga av interessegruppa, vart spørsmålet om vern av den lokale sildestammen drøfta i kommunen sitt hovudutval for slike saker

(MULTEK-utvalet), som meiner det er viktig å få freda den lokale sildestammen i Gloppefjorden. Utvalet støttar Havforskningsinstituttet si innstilling til Fiskeridirektoratet om å lage ei fredingszone for kommersielt fiskeri aust for 5°30'Ø i Nordfjorden, jf. vedlagde kopi av utvalet si møtebok.

Formannskapet i Gloppen slutter seg naturleg nok til MULTEK-utvalet sitt syn og ber med dette om at reguleringsseksjonen tek rådet frå Havforskningsinstituttet til følgje og syter for varig vern av sildestammen i Gloppefjorden.

Med helsing

Leidulf Gloppestad
ordførar
tlf. 977 86 989

Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
282051	Fredning av lokal sildestamme i Gloppefjorden

Kopi til:

Internt til: Peter Andresen